



Rapport og planar (2008 – 2009)

Vedteke av Styret
for Høgskulen i Sogn og Fjordane
3. mars 2009

Innhald

Rapport 2008

Innleiing.....	7
Sektormål 1. Høgskulen skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	9
Sektormål 2. Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad.....	21
Sektormål 3. Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.	27
Sektormål 4. Høgskulen skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyttinga av ressursane.....	31

Planar 2009

Sektormål 1. Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	39
Sektormål 2. Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad.....	47
Sektormål 3. Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.	50
Sektormål 4. Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar.	52

Rapport 2008

Innleiing

Rapport om styret sitt arbeid

I 2008 hadde styret seks møte, to av dei vart arrangert som styreseminar. Styret har handsama 73 saker.

Styret er sett saman av fire eksterne medlemmer, to studentrepresentantar og fem representantar for fagleg og administrativt tilsette.

Styreperioden vart innleia med eit styreseminar over to dagar for å leggje eit godt grunnlag for det strategiske arbeidet i styret. I perioden er det halde felles styreseminar med leiargruppa, der dei faglege spørsmåla knytt til studium og fou-arbeid vart presentert og drøfta. Styret sette ned eit utval som la grunnlaget for høgskulen si fråsegn til Stjernø-utvalet si innstilling.

I siste møte i 2008 vart det vedteke eit opplegg der styremedlemene gjennomførte ei evaluering av styret sitt arbeid og relasjonane til administrasjonen.

Evalueringa vart følgd opp i eit eige seminar der teamutvikling og strategiarbeid var hovudtema.

Sektormål 1

Høgskulen skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.1

Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Styringsparameter 1

Tal primærskjarar gjennom Samordna Opptak (per 15. april) skal vere minst 750

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008		
Sjukepleie	112	82	120	89		
Sosialarbeidarutdanningar	135	113	122	82		
Samfunnsvitskaplege utdanningar	78	61	45	58		
Allmennlærerutdanning	48	82	37	70		
Førskulelærerutdanning	35	31	68	27		
Økonomi, reiseliv, informasjonsbehandling, Engelsk	168	143	141	149		
Idrett og friluftsliv	221	165	143	176		
Naturfaglege utdanningar	22	19	23	25		
Ingeniørutdanning	14	22	9	13		
Primærskjarar gjennom SO	833	718	708	689	750	-61
Utlyste studieplassar i SO-opptaket	701	652	680	672		
Primærskjarar per studieplass	1,19	1,10	1,04	1,03		

Styringsparameter 2

Tal nye registrerte studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 700 (per 1. oktober).

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008		
Sjukepleie	106	70	110	68		
Sosialarbeidar- utdanningar	122	120	123	98		
Samfunnsvitskaplege utdanningar	111	93	76	58		
Allmennlærer	30	58	24	45		
Førskulelærer	65	36	63	31		
Økonomi, reiseliv, informasjonsbehandling, engelsk	159	131	111	138		
Idrett og friluftsliv	90	85	92	98		
Naturfaglege utdanningar	20	15	23	22		
Ingeniørutdanning	17	15	14	23		
Nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak	720	623	636	581	700	-119

Styringsparameter 3

Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700 (per 1. oktober).

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008		
Vidareutdanningar, helse- og sosialfag	148	149	123	171		
Vidareutdanningar, skule og førskule	390	241	323	281		
Sjukepleie, lokalt opptak (januar)	50	50	48	50		
Masterstudium	0	67	32	61		
Internasjonale studium (engelskspråklege)	14	17	26	36		
Andre studium (inkl. PPU)	142	182	85	111		
Nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak, totalt	744	706	637	710	700	+ 10

Styringsparameter 4

Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.08 skal vera minst 2670 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vera minst 2146.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008		
Sjuepleie	411	393	388	377	400	
Sosialarbeidar	338	325	323	295	330	
Lærarutdanning	467	390	385	366	420	
Samfunnsfag	149	136	119	106	140	
Økonomi, it, reiseliv	344	319	281	250	300	
Idrett og friluftsliv	210	199	201	225	200	
Naturfag/ingeniør	141	106	105	120	120	
Vidareutdanningar	463	401	560	484	420	
Mastergrader	130	171	83	70	170	
Andre	157	185	183	179	200	
Studentar totalt	2810	2625	2628	2472	2670	-198
Heiltidsekvivalentar	2282	2126	2116	1992	2146	-154

Styringsparameter 5

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2008 (master, allmennlærer, bachelor, PPU) skal vere minst 470.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Mastergrad	-	13	2	14	20
Allmennlærer	83	80	56	54	40
Bachelor Førskulelærer	29	39	10	29	30
Bachelor Sjuepleie	70	101	138	77	100
Bachelor Sosialarbeidar	80	100	103	90	90
Bachelor Samfunnsvitenskap	3	7	8	6	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	43	64	58	50	50
Bachelor Idrett, Friluftsliv	34	33	54	45	50
Bachelor Naturvitenskap	29	15	14	7	10
Bachelor Ingeniør	16	15	5	9	10
Fri bachelorgrad	-	-	6	4	0
PPU	22	78	27	58	60
Høgskulekandidat 2-årig	13	8	0	1	0
Kandidatar totalt	422	566	481	444	470

I tillegg til dette avslutta 16 studentar mastergrad i spesialpedagogikk ved Studiesenter Sandane. Tilbodet vert finansiert og arrangert av HSF, men Universitetet i Oslo står fagleg ansvarleg for studiet og tildeler vitnemål. Per 1. oktober 2008 var det 63 studentar ved mastergradsstudiet i spesialpedagogikk på Sandane. Ein student avslutta mastergrad i Tilpassa opplæring, også det er eit samarbeidstiltak med Universitetet i Oslo. Desse er ikkje med i Høgskulen i Sogn og Fjordane sine tal, då det er Universitetet i Oslo som rapporterer studentar, studiepoeng og kandidatar.

Styringsparameter 6

Tyngda av høgskulen sine utdanningstilbod skal vera på bachelornivå, og utdanningane skal ha eit yrkesrelevant fokus. Den faglege profilen skal vera konsentrert om dei tre kjerneområda, slik det går fram av Strategiplan 2006 – 2010.

HSF prioriterer å vera ein høgskule som tilbyr yrkesretta studium med god kvalitet på bachelornivå. I tillegg ynskjer høgskulen å tilby mastergradsprogram på utvalde fagområde, der høgskulen har tilstrekkeleg kompetanse og der marknaden etterspør slike tilbod. I 2008 etablerte høgskulen nytt bachelorprogram i eigedomsmekling for å styrka den økonomisk-administrative fagklynga. Høgskulen søkte og fekk akkreditering for å tilby felles mastergrad i landskapsplanlegging i samarbeid med Københavns universitet og Sveriges lantbruksuniversitet. Landskapsplanlegging er eit fagleg spisskompetanseområde i høgskulen, som er definert innafor fagklynga naturforvaltning, friluftaktivitetar og opplevingsnæringar.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.1

I risikovurderingane knytt til verksemdsmåla som vart formulerte for 2008 heiter det at høgskulen si største utfordring ligg i studentrekrutteringa, spesielt rekrutteringa til grunnutdanningane.

Rapporten for 2008 understrekar dette, og viser at høgskulen heller ikkje i 2008 har nådd resultatmåla knytt til rekruttering av studentar til grunnutdanningane; dvs gjennom Samordna Opptak. Nytt av året er at avviket er større for frammøtte studentar enn det er for søkjarar. Forklaringa er at høgskulen i 2008 rekrutterte dårlegare gjennom det såkalla "restetorget". Årsaka til det er at det i 2008 var svært mange institusjonar som hadde problem med oppfylling av studieplassane, og talet på ledige studieplassar på "restetorget" var dermed svært høgt. For HSF sin del slo dette ut i lægre studenttal særleg ved sosialarbeidarutdanningane og samfunnsvitskaplege utdanningar. Lægre studenttal for sjukepleie og førskulelærarutdanning skuldast at høgskulen i 2008 berre hadde opptak av heiltidskull. For allmennlærar hadde høgskulen i 2008 opptak både av heiltids- og deltidskull. Av grunnutdanningane er studentrekrutteringa mest positiv til studia i idrett og friluftsliv, sjukepleie og dei økonomisk-administrative studia.

Rekrutteringa til studium med lokale opptak, det vil i det vesentlege seia vidareutdanningar, mastergradsutdanningar, praktisk-pedagogisk utdanning og internasjonale studentar, er meir positiv. Høgskulen rekrutterte vel 700 nye studentar til slike utdanningar i 2008, og dette er litt over måлтаlet. Studenttala er særleg høge for vidareutdanningar for lærararutdanningane og helse- og sosialfaga, og dette reflekterer i stor grad det nære og gode samarbeidet høgskulen har utvikla med desse sektorane.

Tabellmaterialet viser at det samla talet på studentar per 1. oktober 2008 er lægre enn tidlegare. Dette har først og fremst samanheng med svakare rekruttering, men skuldast i nokon grad også skjerpa rutinar for registrering av studentstatus. På den positive sida kan det trekkjast fram at høgskulen i 2008 har eit studenttal i vårsemesteret som er litt høgre enn i haustsemesteret. Her

skil HSF seg frå andre høgskular, og gjenspeglar mellom anna at høgskulen har lukkast i å rekruttera studentar til grunnutdanningar gjennom ulike innpassingsopptak.

Tal uteksaminerte kandidatar er i samsvar med målsetjingane for 2008. HSF sine kandidattal er gode, og jamt over høge jamført med andre institusjonar når ein tek omsyn til studenttalet.

Høgskulen har vore aktiv deltakar i samarbeidsorganet UH-nett Vest. Høgskulen er positivt innstilt til eit likeverdig samarbeid med sikte på arbeidsdeling og samordning av høgre utdanning på Vestlandet. Høgskulen er særleg oppteken av eit konstruktivt samarbeid i forhold til ny allmennlærerutdanning.

Verksemdsmål 1.2

Høgskulane skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparameter 1

Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 41 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 51.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon vår (60-poengeiningar)	1220,6	1325,6	1136,9	1126,6	1100
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon haust (60-pongeiningar)	572,9	648,4	701,2	754,5	725
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon år (60-poengeiningar)	1793,5	1974,0	1838,1	1881,1	1825
Studiepoeng per eigenfinansiert student år	38,3	45,1	42,0	45,7	41
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent år	47,2	55,7	52,1	56,6	51

Den samla poengproduksjonen er høgre enn målsetjinga. Årsaka til det er noko større effekt av omlegging av studieplanar enn forventa. Poengproduksjonen er svært høg jamført med andre høgskular både per student og per heiltidsekvivalent.

Studiepoeng per avdeling	2005	2006	2007	2008
Avdeling for lærarutdanning og idrett	597,5	684,8	620,8	681,5
Avdeling for samfunnsfag	394,2	449,2	428,6	417,2
Avdeling for helsefag	353,2	422,7	412,7	422,6
Avdeling for økonomi, leing og reiseliv	326,9	325,0	292,7	266,6
Avdeling for ingeniør- og naturfag	121,7	92,3	83,3	93,1
HSF samla	1793,5	1974,0	1838,1	1881,1

Avdeling for lærarutdanning har den største auken i studiepoengproduksjonen. Dette skuldast fleire studentar ved idrettsutdanningane og at det vart uteksaminert eit deltidskull ved praktisk-pedagogisk utdanning. Nedgangen i poengproduksjonen ved Avdeling for økonomi, leing og reiseliv og Avdeling for samfunnsfag skuldast færre studentar. Positiv utvikling for ingeniørutdanninga er den viktigaste årsaka til auka produksjon ved Avdeling for ingeniør- og naturfag.

Aktivitetskrav: Avlagde 60-studiepoengeiningar i første studieår

Utdanning	Aktivitetskrav	Produksjon 2008
Sjuepleie	128	127,7
AOI	7	7
Vernepleie	29	31,6

Produksjonen gjeld kalenderåret 2008. For AOI, som vert arrangert som deltidsstudium over fire semester, er det rekna gjennomsnitt av produksjonen i emne knytt til første studieår for to kull. Tabellen viser at høgskulen oppfyller aktivitetskrava i dei aktuelle utdanningane.

Styringsparameter 2:

HSF skal ha 16 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2008.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Studentar per fagleg årsverk	16,2	15,7	17,2	17,8	16

Styringsparameter 3

Rapport om utdanningskvalitet skal utviklast vidare for betre å møte styret sine behov.

Rapport om utdanningskvalitet er bygt på gjennomgåande rapportering frå studieleiar til dekan og frå dekan til institusjon. Institusjonsrapporten har to delar: bakgrunnsdata og kvalitet i utdanningane. Rapporten vert brukt som grunnlag for oppfølging og strategiske vurderingar på alle tre nivå.

Styret ønska betre kunnskap om korleis avdelingane arbeidde med oppfølgjande tiltak på grunnlag av institusjonsrapporten. Struktur og innhald i rapporten vart omarbeidd i 2008 for å styrke dei kvalitative vurderingane som vart gjort i avdelingane, og synleggjere arbeid med

oppfølgjande tiltak. Samanhengen mellom institusjonsrapporten og styret sitt budsjettvedtak vart styrka.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal vidareutvikle eige kvalitetssystem på grunnlag av evalueringsrapport frå NOKUT.

Høgskulen sitt kvalitetssikringssystem vart godkjent av NOKUT i mai 2008. Høgskulen fekk gode tilbakemeldingar på kvalitetssystemet, og råd om å rette meir merksemd mot oppfølgjande tiltak i det vidare arbeidet. Dette vart følgt opp gjennom endringar i høgskulen sin rapport om utdanningskvalitet og tiltak i påfølgjande handlingsplan. Kvalitetssystemet har gitt høgskulen tydelege rammer for arbeid med studiekvalitet, og systemet er godt forankra i fagmiljøa. Kvalitetshandboka på nettet vert nytta av tilsette i arbeidet med kvalitetsutvikling.

NOKUT peika på at studentdeltaking ved evaluering av undervisninga og formidling av resultatane tilbake til studentane burde styrkast. Som følgje av dette vart det sett i gang revisjon av evaluerings skjemaet og prosedyrane for gjennomføring og oppfølging av emneevaluering.

Høgskulen har gjennomgått rutinane for å betre rettleiing og informasjon om studiemuligheiter i utlandet i tråd med NOKUT si tilråding.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal arbeide vidare med å revidere studieplanane i lys av nytt nasjonalt rammeverk for kvalifikasjonar i høgre utdanning.

Dei fleste fagmiljøa har i 2008 kome godt i gang med å beskrive læringsutbyte i studieplanane. Studieutvalet har sett som mål at dei fleste studieplanane skal ha omtale av læringsutbyte til studieåret 2009/10. Arbeidet har blitt prioritert på leiarsamlingar og faglege seminar på avdelingane. Høgskulen reknar med å bruke tida fram mot 2012 til vidare arbeid med læringsutbyte, vurderingsformer og nivådeling i samsvar med krava i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal sikre tilstrekkeleg fagkompetanse i alle studieprogram.

Gjennom ulike studentevalueringar fekk høgskulen tilbakemelding om at det var stor variasjon mellom utdanningane med omsyn til kor nøgde studentane var med den faglege kvaliteten. Høgskulen har ved tilsetjingar og intern kompetansebygging lagt vekt på å styrke formell kompetanse hos dei fagtilsette. Resultatet varierer mellom fagmiljøa, og nokre studium/fagmiljø har vanskar med å tilfredsstille NOKUT sitt krav til førstekompetanse. Sjukepleieutdanninga ved HSF vart reakkreditert i 2008, med tilråding om å halde fram med styrking av den formelle kompetansen i personalet.

Styringsparameter 7

Den pedagogiske kompetansen blant høgskulen sine tilsette skal styrkast. Pedagogisk bruk av ikt skal ha høg prioritet.

Høgskulen sette i verk vidareutdanninga "Rettleiing i høgre utdanning", 10 studiepoeng for eigne tilsette i 2008. Utdanninga var delt i to modular; rettleiing på tekst og rettleiing i møte med studenten. Utdanninga var svært relevant, og evalueringa var god, men talet på deltakarar var noko mindre enn føresett.

Høgskulen legg stor vekt på erfaringsutveksling mellom ulike fagmiljø når det gjeld utvikling av e-læring. Det vart i 2008 arrangert ein konferanse for høgskuletilsette om e-læring. Konferansen vart gjennomført med interne forelesarar. I tillegg er det halde fleire lunsjmøte om aktuelle faglege tema knytt til e-læring.

Styringsparameter 8

Høgskulen har ei målsetjing om 70% gjennomstrøyming i sentrale bachelorprogram; dvs at 70% av dei som starta utdanninga skal ha fullført innan normert studietid.

Høgskulen har ingen statistikk for å følgje gjennomstrøyminga for den ein skilde student. På grunnlag av studenttal i oppstartsåret og kandidatproduksjonen kan det likevel sjå ut som høgskulen samla er nær målet. Det er variasjonar mellom utdanningane. Helse- og sosialarbeidarutdanningane ligg godt over målet, likeeins førskulelærerutdanninga. Allmennlærerutdanninga er vanskeleg å vurdere, ettersom nokre studentar kjem inn under vegs i utdanninga med fag dei allereie har tatt, og andre reiser frå HSF for å avslutte utdanninga andre stader. Når det gjeld økonomisk-administrative utdanningar, er gjennomstrøyminga under målsetjinga. Det same gjeld dei naturfaglege utdanningane.

Styringsparameter 9

Oppfølging av NOKUT-evalueringa av allmennlærerutdanninga skal prioriterast i samsvar med vedtatt plan.

Hovudstrategien i høgskulen sin handlingsplan for utvikling av lærarutdanningane er omdømmeutvikling. Det er sett i verk eit omdømmeprojekt med analysar av lærarutdanningane i ulike perspektiv. Eit går på korleis nyutdanna lærarar frå HSF opplever møtet med skulen, eit anna vender seg til rektorar som mottek nyutdanna kandidatar frå HSF. Arbeidet skal slutførast i 2009.

Det vert arbeidd systematisk for å hindre fråfall og auke gjennomstrøyminga. Stikkord for arbeidet er godt mottak av nye studentar, tett oppfølging av einskildstudenten og å nytte kvalitetssystemet i utvikling av studiekvaliteten.

På slutten av året vart arbeidet intensivert med sikte på å førebu høgskulen til ny allmennlærerutdanning. Arbeidet skjer dels i eigen regi og dels innafor rammene av UH-nett Vest. Høgskulen har hatt tett samarbeid med utdanningsdirektøren og kommunane om utvikling av lærarutdanning og vidareutdanningar for fylket.

Høgskulen har arbeidd med utvikling av praksis i utdanningane, i samsvar med utfordringa etter NOKUT-evalueringa, og fått midlar gjennom prosjektet "Praksis som integrerande element i lærarutdanningane" (PIL-prosjektet). Høgskulen har satsa på å styrka samanhengen mellom FoU-aktivitetane og utviklingsarbeid i praksisfeltet gjennom ulike formelle samarbeid med kommunar og skular i fylket.

Styringsparameter 10

Praksis for studentar i helsefaglege utdanningar skal kvalitetssikrast og byggje på samarbeidsavtalar.

Representantar frå praksisfeltet deltok i styringsorgana ved Avdeling for helsefag (AHF) på alle nivå. Avdelinga inngjekk avtale om praksisplassar for studentar i sjukepleieutdanninga med alle praksisplassar, og hadde tett oppfølging med praksislærarar frå høgskulen av alle studentar i klinisk praksis.

Høgskulen tilbød Vidareutdanning i rettleiing, 10 studiepoeng til kontaktsjukepleiarar, og arrangerte kurs for kontaktsjukepleiarar frå fylket. Høgskulen har samarbeidsavtalar med Helse Vest og Helse Førde. Høgskulen har også godt samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommunar i fylket.

Styringsparameter 11

Studieinnsatsen blant høgskulen sine studentar skal aukast.

Høgskulen har ikkje eit samla oversyn over kor mykje tid studentane brukar på studia. Undersøking av i alt ni studieprogram dei to siste åra viste at studentane nytta frå 21 til 36 timar på undervisning og sjølvstudium. Idrettsstudentane hadde lægst, og sjukepleiestudentane høgst tal arbeidstimar. Auka bruk av obligatorisk undervisning og fleire innleveringar gjennom studieåret er lagt inn for å styrke studieinnsatsen i nokre utdanningar.

Styringsparameter 12

Høgskulen skal sikre fysisk og psykisk læringsmiljø og leggje til rette for at funksjonshemma kan studere her.

Etter initiativ frå LMU vart det etablert ein ny stille lesesal og endra møblering i fleire areal. Høgskulen legg vekt på å skape sosiale rammer for eit ope og inkluderande læringsmiljø. Studentsamskipnaden har eigen studentrådgjevar med tilbod for studentar som treng nokon å snakke med. Høgskulen etablerte i lag med Studentsamskipnaden og NAV ”Studier med støtte” – eit lågterskeltilbod til studentar med psykisk sjukdom. Saman med Studentsamskipnaden og vertskommunen Sogndal har høgskulen inngått avtale om Helsestasjon for unge vaksne.

Handlingsplan for funksjonshemma vart revidert i 2008. Høgskulen legg vekt på universell utforming i alle bygg. Mange tiltak vart gjennomført for å legge betre til rette for personar med funksjonshemming. I tillegg til generelle tiltak, vart studiesituasjonen tilrettelagt på bakgrunn av individuelle behov hos einskildstudentar.

Styringsparameter 13

I spørjeundersøkingar som blir gjennomført blant studentane, er det ei målsetjing at minst 75% skal gi uttrykk for at dei er godt nøgde med å ha valt å studere ved HSF.

I kandidatundersøkinga for 2007 svarte i alt 82% av dei ferdige kandidatane at dei var godt eller svært godt nøgde med studieopphaldet ved HSF. Dette var ein auke frå året før. Det var liten skilnad mellom Førde og Sogndal i den samla vurderinga av studieopphaldet.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.2

Høgskulen sin samla studiepoengproduksjon, og produksjon per student og heiltidsekvivalent, ligg over resultatmålet for 2008, trass i at studenttalet er lægre enn tidlegare. Her er det fleire forhold som spelar inn. Det eine er at endringar i studieplanane med tilordning av eksamenar gir noko høgare poengproduksjon enn normalt. For det andre skuldast noko av nedgangen i studenttalet at høgskulen har innført betre rutinar for registrering av studentstatus. Men først og fremst er resultatet i form av studiepoengproduksjon uttrykk for at høgskulen sine studentar lukkast godt i utdanninga. Dette vert understreka av dei relativt høge kandidattala.

Høgskulen oppfyller dei tre aktivitetskrava knytt til sjukepleie, vernepleie og ALO fullt ut i 2008.

Godkjenning av høgskulen sitt kvalitetssystem var eit viktig mål som vart nådd i 2008, og tilbagemeldinga frå NOKUT stadfestar at høgskulen jamt over har gode kvalitetssikringsrutinar. På bakgrunn av godkjenninga har høgskulen jobba vidare med utvikling av systemet, og kvaliteten i utdanningane.

Utvikling av studieplanane og forskingsbasert undervisning har vore vektlagt, likeeins systematisk arbeid med oppfølging av studentane. Arbeidet med utforming av læringsutbyte og tilpassing til eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk har gått i samsvar med målsetjinga.

Evalueringar stadfesta at det var stor variasjon mellom kor tilfredse studentane var med fagleg og pedagogisk kvalitet ved ein del av høgskulen sine grunnutdanningar. Målet om å betre den pedagogiske kompetansen blant dei tilsette er nådd i nokon grad.

Arbeid med kompetanseheving blant dei tilsette vart vidareført. Høgskulen har framleis ein veg å gå før målet om tilstrekkeleg fagkompetanse i alle studium er nådd.

Kvalitetssikring og god samhandling med praksisfeltet i helsefaglege utdanningar har vore vektlagt. Høgskulen har gjennom formelle avtalar knytt til praksis og forskning eit godt nettverk av eksterne samarbeidspartnarar i fylket. Arbeidet med oppfølging av evaluering av allmennlærerutdanninga vart følgt opp i samsvar med planen.

Høgskulen har arbeidd målretta for å sikre studentane eit godt læringsmiljø. Læringsmiljøutvalet spelar ei konstruktiv rolle i dette arbeidet. Samarbeid med studentorganisasjonane om studentsosiale tiltak, og god kvalitet i utdanningane har vore hovudfaktorane for at høgskulen nådde målet som var sett i høve studenttilfredsheit.

Verksemdsmål 1.3

Høgskulen skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til å auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.

Styringsparameter 1

Høgskulen skal auke tal utvekslingsstudentar over tre månader med 20% i høve til 2007

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Utreisande studentar	40	35	34	32	40
Innreisande studentar	17	25	46	45	60
Total	57	60	80	77	100

Høgskulen hadde ein liten tilbakegang i tal utvekslingsstudentar. Vel 1/3 av innkomande studentar gjekk på studiet "From Mountain to Fjord". Meir enn halvparten av dei internasjonale studentane ved HSF kom frå Europa. Høgskulen mottok i alt sju studentar frå Zambia på kvoteprogrammet. Framleis er fordelinga av internasjonale studentar svært ujamn mellom avdelingane.

Over halvparten av dei utreisande studentane reiste til våre samarbeidspartnarar i Zambia. Desse studentane gjekk på lærar- og sjukepleiarutdanninga. Studentar frå sosialarbeidarutdanningane og reiselivsstudentar var på utveksling i Europa. 30 studentar reiste på Erasmus-avtale, 11 på Nordplus, og 26 på bilaterale avtalar. I tillegg til registrert mobilitet, reiste nokre studentar på praksisopphald under tre månader gjennom Nordplus.

Styringsparameter 2

Høgskulen skal auke talet på framandspråklege emne

Styringsparameter	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Tal framandspråklege emne	2	5	11	14	15

Målet knytt til auke i tal engelskspråklege emne med omfang minimum 10 ECTS vart på det næraste nådd. Høgskulen har mange små fagmiljø der det er utfordrande å utvikle robuste tilbod.

Styringsparameter 3

Lærarmobiliteten skal aukast

Resultatindikator	2007	2008
Innreisande	12	10
Utreisande	30	30
Samla	42	40

Styringsparameter 4

Studieplanar for alle bachelor-, masterprogram, lærarutdanningane og studium/emne som vert undervist på engelsk skal gjerast tilgjengelig på engelsk på veven.

Målsetjinga vart nådd i 2008.

Styringsparameter 5

Alle emne skal ha engelsk namn

Dette målet er nådd for to avdelingar. Dei andre avdelingane har engelsk namn på eit avgrensa tal emne.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.3

Internasjonaliseringsarbeidet har vokse ved høgskulen dei siste åra.

Ressurssituasjonen knytt til arbeid med internasjonalisering er utfordrande. Administrativ og fagleg tilrettelegging har vore krevjande, særleg sett i høve den relativt store auken i studentmobilitet dei siste åra. Høgskulen har lagt mykje arbeid i mottaksprogram og sosiale rammer for dei internasjonale studentane. Utfordringane knytt til velferd og oppfølging har vokse med auka aktivitet.

Høgskulen har nokre miljø der det internasjonale perspektivet i stor grad pregar studium og forskingsarbeid. Høgskulen søkjer å styrke dette gjennom intern erfaringsutveksling. Gjennom krav til studieplanar og kvalitet i utdanningane vart dei fagtilsette utfordra til å arbeide med internasjonalt kunnskapstilfang i utdanningane.

Studentutveksling har bidrege til eit internasjonalt perspektiv i fleire utdanningar. Høgskulen har til dømes kvotestudentar frå Zambia som seinare reiser heim og følgjer opp studentar frå

HSF som dreg til Zambia på delstudium/praksisopphald. Dei internasjonale studentane er jamt over flinke og motiverte studentar som bidreg til eit aktivt og engasjert studiemiljø.

Tilbodet om engelskspråklege emne har auka, og det er viktig å auke talet på internasjonale studentar på desse emna. Faren for at tilsette misser motivasjon er stor dersom emne vert kansellerte eller det vert få engelskspråklege studentar på dei tilboda som går på engelsk.

Høgskulen ser at den faglege kontakten med dei internasjonale partnerane våre har vore svak ved nokre avdelingar. Betre fagleg samarbeid kan gje auka gjensidig mobilitet.

Studentmobilitet frå høgskulen auka ikkje som forventa. Ei forklaring er at informasjon til studentane om delstudium i utlandet ikkje var god nok. Høgskulen har sett på rutine for informasjon med sikte på å betre dette for komande år.

Tal innreisande studentar vart noko under det forventa grunna kanselleringar og endringar i studietilbod på engelsk. Mottak av i alt sju kvotestudentar ga høgskulen ein del nye utfordringar i 2008.

Sektormål 2

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad.

Verksemdsmål 2.1

Høgskulane skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.

Styringsparameter 1

Publikasjonspoeng, NFR-midlar og EU-midlar per stilling i 2008 skal aukast svakt frå 2007

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Publikasjonspoeng per stilling	0,25	0,23	0,16	0,12	0,20
NFR-tildeling per stilling	18.707	19.966	27.447	18.958	27.000
EU-tildeling per stilling	1.746	2.178	2.630	923	3.000
Utveksling av tilsette via programavtalar	30	35	64	40	70

Tabellen ovanfor viser at vi ikkje nådde målsetjingane våre i 2008 om svak auke i publikasjonspoeng, NFR-midlar, EU-midlar og utveksling av lærarar/forskarar. På alle dei fire styringsparametra er det ein forholdsvis stor tilbakegang frå 2007 til 2008. Vi har gått tilbake med 25-30 pst. både når gjeld publikasjonspoeng og NFR-tildelingar. Særleg er det grunn til å feste seg ved nedgangen i publikasjonspoeng, som har gått ned frå 28,8 poeng i 2007 til ca. 20 poeng i 2008.

Det finst ingen eintydige forklaringar på dette. Éi mogleg forklaring kan vere at vi i 2008 har vore særleg opptekne av fou-organisering; dvs. å få på plass den vedtekne strukturen med forskingsgrupper og forskingsleiarar. Vi har slite litt i 2008 med å implementere denne strukturen. Når det gjeld NFR-midlar, har vi i 2008 ikkje nådd opp med våre søknader. Samtidig melder effekten seg av fleirårige prosjekt som har vorte avslutta i 2008.

Vi har *ikkje* vore involverte i utarbeiding av EU-søknader. Det har òg vore for lite fokus på internasjonalt samarbeid med tanke på utvikling av relasjonar, trygging/utvikling av studietilbod + samordning av interesser ved fou og anna internasjonal aktivitet.

I databasen Forskdok er det for 2008 registrert 354 fou-resultat for HSF-tilsette. Tilsvarande tal for 2007 var 353. Avdeling for lærarutdanning og idrett merkjer seg ut med særleg mange registreringar her.

Det kan òg leggjast til at vi har mange stipendiatar som er i slutfasen av doktorgradsarbeidet sitt. Mange artiklar er derfor for tida under skrivning og/eller i produksjon. Dette vil gi auka utteljing i publikasjonspoeng i 2009 og 2010.

Vi vil under dette punktet også nemne at høgskulen i 2008 i samarbeid med Vestlandsforskning har etablert eit eige forskingsprogram på området "Fornybar energi". Programmet omfattar førebels ein professor og tre doktorgradsstipendiatar. To av stipendiatstillingane er finansierte av Sogn og Fjordane Energi og Statkraft, medan professoratet er finansiert av desse to saman med andre energiselskap i fylket. Etter initiativ frå Forskingsprogrammet har HSF starta arbeid med å utvikle ei treårig bachelorutdanning i fornybar energi.

I september 2008 vart Senter for helseforskning (i Sogn og Fjordane) offisielt opna. Bak senteret står HSF og Helse Førde. Det finst ingen andre slike forskingssenter, der ein høgskule og ei lokal helseining saman står bak. Vi knyter store forventningar til dette samarbeidet når det gjeld utviklinga av den kliniske helseforskninga i fylket.

Saman med Vestlandsforskning er det inngått ein utviklingsavtale med Fylkeskommunen på område reiseliv og ikt, der Fylkeskommunen stiller årlege midlar til disposisjon for kompetanseutvikling og relevant forskning i VF og HSF. Avtalen gjeld for fire år; 2008-2011.

Styringsparameter 2

Vi skal vidareutvikle dei fem forskingsområda som er vedtekne i HSF sin strategiplan, og

Styringsparameter 3

Vi skal tilsetje forskingsleiarar og få etablert forskingsgrupper på dei vedtekne satsingsområda.

Dette gjeld dei fem forskingsområda:

- kulturlandskap
- organisasjon og leiing
- profesjonsforskning
- klinisk helseforskning
- læringsforskning

Det er tilsett forskingsleiarar for dei fire førstnemnde gruppene. På det fjerde området (klinisk helseforskning) har dette skjedd ved skiping av Senter for helseforskning saman med Helse Førde med eigen forskingsleiar. På området læringsforskning har det i 2008 vore engasjert tre temaleiarar. Forskingsleiar vert utpeikt i 2009. Fou-utvalet tok i 2008 initiativ til og gjennomførte ein undervegsrevisjon av fou-strategien. Dette har medført nokre endringar i gruppestruktur og i talet på forskingsgrupper. M.a. er det skipa forskingsgruppe med eigen forskingsleiar innanfor idrettsforskning. Innanfor området fornybar energi er ei slik gruppe alt komen i gang. Det vert vurdert å skipe eigne forskingsgrupper innanfor geo-forskning og forskning om regional utvikling/styring.

Styringsparameter 4

Prosjektleiarar for alle aktive fou-prosjekt skal få månadlege økonomirapportar med god styringsverdi.

Økonomirapporteringa til dei prosjektansvarlege har betra seg i 2008.

Styringsparameter 5

Vi skal styrkje den internasjonale profilen på forskinga ved HSF, og skipe til seminar med dette som tema.

Det var ikkje skipa til slikt seminar i 2008. Seminaret står på fou-utvalets handlingsplan for 2008/09. I 2008 vart to av doktorgradsstudentane våre tekne opp ved dr.gradsutdanningar på universitet i utlandet (Sør-Afrika, Danmark). Innanfor dei prioriterte forskingsområda kulturlandskap, regional styring og idrett er det mykje internasjonalt samarbeid.

Styringsparameter 6

Vi skal i 2008 kome med i nok eit prosjekt innanfor NFR sitt forskingsprogram ”Praksisretta fou for lærarutdanning, grunnskule og barnehage”.

Vi har eitt prosjekt i dette programmet, men kom ikkje med i fleire prosjekt i programmet i 2008. Vi kom derimot med i det departementsstyrte PIL-prosjektet (Praksis i Lærarutdanningane). Forskarar ved Lærarutdanninga vår har kartlagt pedagogikkfaget i lærarutdanningane i Norden i tilknytning til arbeidet i ei nasjonal gruppe som har vurdert dette faget.

Styringsparameter 7

Vi skal i 2008 få nok eit prosjekt innanfor NFR sitt ”Strategiske høgskuleprogram” og/eller eventuelt forskarprosjekt i VRI.

Det vart ikkje lyst ut nye SHP-prosjekt i 2008. Vi har ikkje levert søknader om forskarprosjekt i VRI i 2008. 3-4 tilsette ved dei næringsretta fagmiljøa våre er aktivt med i VRI SogFj.

Styringsparameter 8

I samarbeid mellom HSF og Vestlandsforskning skal vi i 2008 søkje å få eksternfinansiert eit forskingsprogram om fornybar energi.

Dette forskingsprogrammet vart sett i gang i 2008. Så langt er det skaffa ekstern finansiering til to doktorgradsstipend frå Statkraft og Sogn og Fjordane energi. Kraftselskapa i fylket finansierer mesteparten av ei professorstilling knytt til programmet, som òg har NFR-stipendiat knytt til seg. Programmet vert leia av ein eigen forskingsleiar. Det er lyst ei stilling som professor. Her vert det tilsett i mars 2009. Vi har starta planlegging av eit bachelorstudium i fornybar energi. Forskingsprogrammet er utvikla i nært samarbeid mellom HSF og Vestlandsforskning. HSF har det formelle og faglege ansvaret.

Styringsparameter 9

Vi skal kome med som partner i minst eitt EU-/Interreg-prosjekt i 2008.

Éin fagtilsett ved Ingeniørutdanninga vår kom i 2008 med i eit EU-prosjekt som gjeld bruk av dataloggar i naturfagundervisning i skulen. Prosjektet høyrer til kategorien WLifelong Learning Programme – Leonardo da Vinci – Transfer of Innovation”. Prosjektet er tildelt 200 000 EURO over ein periode på to år.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 2.1

Vi makta ikkje å nå fleire av målsetjingane våre for 2008. Det gir særleg grunn til uro at vi går forholdsvis sterkt tilbake når det gjeld publikasjonspoeng.

Vi står overfor ei stor utfordring når det gjeld å styrkje den vitskaplege publiseringa, og å sikre oss deltaking i fleire større og langvarige eksternt finansierte forskingsprosjekt. Vi skal i 2009 gjennomføre eit kurs i vitskapleg publisering. Den viktigaste utfordringa vår ligg likevel i å få til gode forskingsgrupper og forskingsmiljø, der vitskapleg publisering er ein integrert del av arbeidet. Forskingsleiarane har her ei heilt sentral oppgåve.

Verksemdsmål 2.2

Høgskular med forskarutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet for øvrig. Høgskular som vert tildelte stipendiatstillingar, skal sørge for god gjennomføring av doktorgradsutdanninga.

Styringsparameter 1

Talet på avlagte doktorgrader skal vere 5-7 i 2008.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitenskapleg årsverk	0,010	0,011	0,023	0,018	0,030

Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar i 2008 var tre, alle kvinner, innanfor samfunnsøkonomi, psykologi og informasjonsvitenskap. Talet er noko lågare enn det vi hadde rekna med. Men vi har mange som no ligg i løypa, og er i ferd med å avslutte doktorgradsarbeidet sitt. Dei fleste av doktorgradstudentane våre bruker meir enn normert tid på å fullføre utdanninga. Vi har fire doktorgradsavtalar som er meir enn fem år gamle.

Tabell 2.1 Nye doktorgradsavtalar, heile 2008

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Idrettsfag	1	0			1	0
Pedagogikk	2	1	1	1		
Mat/nat-fag	1	0				
Samf.vitsk fag	2	2				
Helsefag	1	1				
Totalt	7	4	1	1	1	0

Det vart i 2008 inngått i alt 9 nye doktorgradsavtalar. Fleire av desse var eit "etterslep" frå åra før for kandidatar som har brukt lang tid på å få slik avtale. Vi har no skjerpa krava for tilsetjing i stipendiatstillingar, slik at det skal gå kortare tid for tilsette stipendiatar å få opptak på doktorgradsprogram.

Tabell 2.2 *Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2008*

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Allmennlærer/ped	7	3	1	1		
Helsefag	3	2				
Økonomiske fag	1					
Sosialfag	2	2				
Samfunnsvitsk. fag	4	2				
Idrettsfag	4				1	0
Mat/nat-fag	2	1	1	1		
Humanistiske fag					1	0
Totalt	23	10	2	2	2	0

Vi har no i alt 27 registrerte doktorgradsavtalar. I løpet av året har ein avtale vorte avbroten. Fire avtalar er eldre enn fem år. Ein av dei med ein slik avtale, har permisjon frå HSF. Vi registrerer at det er svært få som vert ferdige med doktorgradsarbeidet på normert tid. Vi vurderer no ei ordning der vi etter søknad vil tildele ekstra midlar for fullføring av doktorgradsarbeidet.

Tabell 2.3 *Avlagde doktorgrader i 2008*

Studium	Finansiert over institusjonens grunn-budsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Økonomi	1	1				
Samfunnsvitsk. fag	1	1				
Psykologi	1	1				
Totalt	3	3				

Tre personar, alle kvinner, disputerte i 2008, ved NHH, UiB og NTNU.

Styringsparameter 2

Vi skal sørgje for betre individuell oppfølging av doktorgradsstudentane våre og auke gjennomstrøyminga dei neste åra

Det vert gjennomført tettare avdelingsvis oppfølging av stipendiatane, både frå dekan og fouleiarane ved avdelingane. Det vart laga planar for oppfølging av dei enkelte stipendiatane, og lagt opp til tydelegare intern rapportering av progresjonen i arbeidet.

Styringsparameter 3

Vi skal skjerpe krava for tilsetjing i stipendiatstillingar.

Når det gjeld tilsetjing, stiller vi no større krav til prosjektskisse for søkjarane sine doktorgradsprosjekt. Før søkjarane vert tilsette, skal det liggje føre ei uhilda fagleg vurdering av opplegget for doktorgrads-prosjektet til søkjaren.

Mange av stipendiatane våre i pedagogikk/didaktikk deltek i forskarskulen WNGER (Western Norway Graduate School of Educational Research). Stipendiatane får si forskaropplæring gjennom dette tiltaket. Mange av dei som arbeider med doktorgrad, har òg delteke på grunnutdanninga i vitenskapsteori og etikk i regi av Vestnorsk Nettverk-Forskarutdanninga.

Styringsparameter 4

Talet på opprykk til førstelektor innanfor profesjonsutdanningane skal dei neste åra vere 2-3 per år.

I 2008 vart det innvilga éin søknad om opprykk til førstelektor. To andre søknader vart leverte inn, men er enno under behandling.

Styringsparameter 5

Vi skal i 2008 gjennomføre éi samling for alle doktorgradsstudentar og for dei som arbeider med førstelektoropprykk.

Det er no etablert ein felles arena for tilsette ved HSF som arbeider med planar om å kvalifisere seg for opprykk til førstelektor. Dette gjeld mange tilsette i helsefag, ved sosialarbeidarutdanningane og lærarutdanningane. Det er lagt opp til to samlingar/seminar per år. Det vart ikkje skipa til samling for doktorgradsstudentar i 2008. Dette står på fou-utvalet arbeidsplan for 2008/09.

Det føregår no arbeid med systematisk kompetanseoppbygging på avdelingane våre. Særleg har Avdeling for helsefag og Avdeling for samfunnsfag teke fatt i dette arbeidet på ein god måte.

Styringsparameter 6

Vi skal utarbeide rettleiing for dokumentasjon av pedagogisk og anna utviklingsarbeid, til bruk m.a. ved opprykkssøknader.

I samband med samlinga for dei som arbeider med førstelektoropprykk vart det laga noko dokumentasjon om dette. Vidare arbeid med dette skjer i 2009.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 2.2

Vi manglar enno robuste fag- og forskingsmiljø som kan ta sterkare fagleg hand om dei mange stipendiatane våre. I for liten grad har vi mulegheiter for å byggje opp fagmiljø kring desse. Dei vert derfor svært avhengige av fagmiljøet kring det doktorgradsprogrammet dei er knytt til ved eit universitetet der dei er tekne opp. Det vert viktig for oss å knyte stipendiatane våre, og dei som arbeider med førstelektoropprykk, til forskingsgruppene våre og til dei faglege satsingsområda våre. Avdelingane ved HSF arbeider for tida med systematiske kompetanseplanar og -utvikling.

Sektormål 3

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdsmål 3.1

Høgskulane skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå fou-verksemda.

Styringsparameter 1

Utvikle veven som hovudverktøy for fagleg formidling.

Vi har arbeidd med aktiv formidling av fou-saker og –nyhende på HSF-veven. Dette gir god utteljing i lokalavisene. Internt har det vorte arbeidd med betre presentasjon av fou-relaterte aktivitetar på avdelingane sine heimesider.

Styringsparameter 2

Vi skal halde fram ordninga med kronikkar i lokalavisene med 1-2 kronikkar per månad.

I 2008 (og 2007) skreiv tilsette ved HSF ca. 40 aviskronikkar. Dei fleste av desse i lokal- og regionaviser. Engasjementet kring lokalavissamarbeidet går litt i bølgedalar. Vi har eit godt samarbeid med dei to største avisene i fylket om kronikkar.

Styringsparameter 3

Vi skal skipe til seminar om skriving av kronikkar og debattartiklar

Seminaret vart skipa til i mai 2008 med ca. 20 deltakarar og innleiarar frå Bergens Tidende. Tre kronikkar i BT er så langt eit *direkte* resultat av seminaret.

Styringsparameter 4

Vi skal markere Forskingsdagane 2008 gjennom faglege og publikumsretta seminar, foredrag og andre arrangement.

Forskingsdagane 2008 vart markerte med varierte og opne fagdagar i Sogndal og i Førde med godt oppmøte og mange faglege innlegg, foredrag, posters mm. Vi har oppsummert tiltaka som nyttige, og vil arbeide etter same mal også i 2009.

Styringsparameter 5

Vi skal skipe til konferanse/seminar om forskning og høgare utdanning i distrikta i tilknytning til utgiving av HSF-soga.

HSF-soga låg føre i desember 2008. Soga har blitt vel motteken. Det vart skipa til eit bokslepp ved det høvet med nokre kommentarar/innlegg. Ein mogleg konferanse kan skipast til i 2009.

Styringsparameter 6

Vi skal starte vurdering og planlegging av utgiving av mogleg formidlingsorgan frå HSF.

Utgiving av eit eige formidlingsorgan har ikkje vorte vurdert i 2008. Vi vil i staden utvikle nettsidene våre som formidlingsorgan.

Styringsparameter 7

HSF sitt opne arkiv (HSF Brage) skal utviklast til å inkludere dei fleste publikasjonar ved HSF pluss master- og gode bacheloroppgåver.

Bibliotekleiaren ved HSF er no observatør til møta i fou-utvalet. Open Access og HSF Brage har vore tema på møte i fou-utvalet. Utvalet støttar opp under arbeidet til biblioteket på dette feltet.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 3. 1

Eit stort tal tilsette er engasjerte i lokalt formidlingsarbeid, gjennom aviskronikkar, foredrag, gjesteforelesingar, seminarverksemd mm. Men god formidling gir så langt lita utteljing utover den personlege tilfredsstillinga det gir. Strategiplanen slår fast at HSF skal belønne godt formidlingsarbeid. Vi drøftar no om dette bør gi seg utslag i HSF sin budsjettmodell.

Verksemdsmål 3.2

Høgskulane skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Styringsparameter 1

Vi skal auke omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2008.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Skattefunn					
Omfang av eksternt finansiert verksemd (EFV) (2007 og 2008: BOA)	6.900	10.095	15.099	16.434	12.000
Mottekne forretningsidear					
Nyoppretta selskap baserte på mottekne forretningsidear					
Eventuelle eigne resultatindikatorar					

(Dei andre indikatorane er ikkje aktuelle for oss)

Omgrepet eksternt finansiert verksemd har endra seg frå 2007. Departementet brukar no "bidrags- og oppdragsprosjekt (BOA)" i staden. Viss vi skal ta i bruk BOA for 2007, så langt det er mogeleg, var det kr 15.099, BOA i 2008 kr 16.434 tusen. Desse tala finn ein ikkje att i rekneskapan, berre i Agresso, sidan klassifiseringa er endra. Reine eksterne inntekter (berre oppdrag) er mykje lågare.

Høgskulen har i 2008 revidert reglementet for eksternt finansiert verksemd. Dekningsbidraget (overhead) er auka frå 40 til 50 prosent av lønskostnadane. HSF Oppdrag si rolle som administrativ støtte er styrkt, og det er lagt vekt på kvalitetssikring av prosjekta heilt frå

søknadsfasen til ferdig gjennomført prosjekt. HSF Oppdrag har dette året òg vore tyngre inne i arbeidet med tilbod på offentleg utlyste konkurransar. Her har vi òg lykkast. I desember 2008 fekk HSF oppdraget med leiaropplæring for skuleleiarar og barnehagestyrarar i Bergen kommune. Dei andre tilbydarane var Handelshøyskolen BI, Universitetet i Agder og Høgskolen i Bodø. Avtalen er i fyrste omgang på 1,7 millionar kroner for eit kull på 30 deltakarar. Bergen kommune har høve til å utvide avtalen med to nye kull med same omfang. Når det gjeld ”arbeidet med å gjøre utdanningene tilgjengelige og fleksible for hele befolkningen, uavhengig av bosted og livssituasjon”, vil vi trekkje fram at HSF har ei rekkje deltidsutdanningar, både vidareutdanningar og profesjonsutdanningar. Det vert lagt stor vekt på fleksibilitet og tilrettelegging for deltakarar frå ulike stader og i ulik livssituasjon, og undervisninga er av den grunn hovudsakleg basert på samlingar, nettundervisning og rettleiing i lokale grupper.

Styringsparameter 2

Vi skal systematisere, dokumentere og vidareføre høgskulens arbeid med entreprenørskap saman med dei andre aktørane i fylket vårt.

HSF har ein stor aktivitet når det gjeld arbeidet med entreprenørskap. Dette er særleg knytt til Avdeling for lærarutdanning og idrett, og basert på ei metodikk vi har henta frå USA (REAL-metodikken). I 2008 har vi m.a. kursa danske lærarar i bruken av metodikken. Kursomfanget lokalt er omfattande. I 2008 vart entreprenørskapsportalen Driftig.no opna. Arbeidet med entreprenørskap i Sogn og Fjordane skal evaluerast i 2009 av Nordlandsforskning. HSF har ikkje lykkast fullt ut med å dokumentere arbeidet sitt på dette feltet.

Arbeidet med å medverke til samfunns- og næringsutvikling held fram, og det er i løpet av året oppretta fleire samarbeidsprosjekt med næringsliv og etatar i fylket med innovasjon og entreprenørskap som formål. Fylkeskommunen har i 2008 ytt kr 800.000 til idrettsfagleg utviklingsarbeid, og løyvd ytterlegare 500.000 kroner til eit pågåande prosjekt om Fysisk aktivitet og helse (KAN-prosjektet). Vi har elles eit mangeårig og godt samarbeid med Fylkeskommune, Fylkesmann, Innovasjon Noreg og NHO når det gjeld arbeidet med entreprenørskap i skulen.

Styringsparameter 3

Alle sentrale fagområde i HSF skal kunne dokumentere at dei har systematisk samarbeid med relevant eksternt arbeidsliv.

Eit slikt oversyn vart lagt fram i 2005. Arbeidet med eit ajourført oversyn vart ikkje prioritert i 2008.

Styringsparameter 4

Kontakten med næringslivet skal styrkjast gjennom utvida samarbeid med Kunnskapsparken, Bedriftsnettverket og VRI-prosjektet i Sogn og Fjordane.

HSF er representert i styret for Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og i styret for VRI SogFj. Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane vert leia av ein tilsett ved HSF. Tre av teamleiarane i VRI arbeider ved HSF. Bedriftsnettverket har arbeidd med utvikling av ei ordning for Bedrifts-PhD her i fylket. Kunnskapsdepartementet var positive til ordninga, men ein søknad om tilskot til Norges forskingsråd, vart ikkje stetta.

Styringsparameter 5

HSF skal inngå samarbeidsavtale om forskning og fagleg utviklingsarbeid med Sparebanken Vest/Visjon Vest.

Sparebanken Vest (Visjon Vest) har gitt eit tilskot på to mill. kroner til utvikling av eit forskingssenter for geofare og klimaendringar ved HSF. Vi er i dialog med banken om

tilsvarende tilskot til utvikling av forskning knytt til idrettsutdanninga vår. Dette gjeld både det såkalla KAN-prosjektet og vidare forskning kring fysisk aktivitet og helse.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 3.2

Nokre få fagpersonar/fagmiljø er drivkrefter i arbeidet med å auke den eksternt finansierte prosjektporteføljen. Vi er derfor noko sårbare på dette feltet. Nokre fagmiljø har skaffa til veges mange årsverk gjennom eksterne oppdrag/midlar. Kontakten med næringslivet har så langt skaffa lite oppdragsmidlar. Ein del av det eksterne samarbeidet er kompetanseslitande og gir små inntekter. HSF Oppdrag har i aukande grad bidrege til å profesjonisere arbeidet med å skaffe større eksterne oppdrag, og å sørge for ein ryddig administrasjon av dette. Vi har fått til eit godt samarbeid mellom fagmiljøa i pedagogikk og i organisasjon/leiing når det gjeld å utvikle (og gjennomføre) gode tilbod innanfor leiingsutdanning i skuleverket.

Sektormål 4

Høgskulen skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyttinga av ressursane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er ein effektiv driven organisasjon og det har vore fokus på å halde kontroll på lønskostnader på fagleg og administrativ side. Budsjettmodellen fordelar ressursar til faglege og administrative årsverk etter høvestalet 70/30. Dette prinsippet vert følgd både ved oppbemanning og nedbemanning av årsverkrama. Dette har gjort at vi meiner å ha god kontroll med ressursane og avdelingane nyttar årsverkrama som ein vesentleg styringsparameter. Ei benchmarking innan administrative tenester ved høgskulane i 2005 synte at Høgskule i Sogn og Fjordane var av dei høgskulane som hadde lågast administrativ bemanning.

Med ein relativt desentralisert struktur skapar det likevel utfordringar å ha tilstrekkeleg bemanning på sentrale område som td økonomistyring. Mange av oppgåvene er så spesialiserte at dei må utførast på fellesnivået og gjerne bemanna med ein eller eit fåtal personar. Dette gjer oss sårbare når folk sluttar eller vi får vakans av andre grunnar. Å få samla aktiviteten i Sogndal i eit felles bygg med felles administrative ressursar vil forhåpentlegvis medverke til betre kvalitet og mindre sårbarheit.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje aksjar i randsoneaktivitet, men forsøker å utvikle samarbeid tufta på samarbeidsavtalar. Dette gjeld i høve Vestlandsforskning, Helse Førde og fylkeskommunale og statlege etatar. HSF er medstiftar i tre stiftingar i Sogn og Fjordane. Dette fører ikkje til økonomiske forpliktingar for HSF.

Eit utval leverte innstilling til etiske retningslinjer for Høgskulen i Sogn og Fjordane hausten 2008. Det har vore gjennomført ei intern høyring i organisasjonen i tillegg til at retningslinjene vart presentert på personalseminar for alle tilsette i januar 2009. Retningslinjene skal vedtakast av styret i mars 2009. Organisasjonen må arbeide vidare med å integrere og konkretisere dei etiske retningslinjene i organisasjonen.

Vi har i 2008 arbeida med å endre økonomisystemet for å betre styringa med oppdrags- og bidragsverksemda og tilpasse oss nytt regelverk, og meiner vi har fått god kontroll med prosjekta. Vi har tatt i bruk rapporterings- og analyseverktøyet Excelerator både i rapporteringa og som hjelp til automatisering i rekneskapsføringa. Samla sett har desse systema gjeve oss god kontroll og økonomistyring, i tillegg til ein effektiviseringsgevinst. Omlegginga av økonomisystemet og innføringa av nye system har også gjort oss i stand til å gje gode og nøyaktige rapportar til prosjektleiarar, og sentralisering av økonomistyringa for eksterne prosjekt har gjeve gode resultat.

Deltaking i Sogn og Fjordane fylkeskommune si innkjøpsteneste og deltaking i anbod på større varegrupper i sektoren sikrar kvalitet og effektivitet i anskaffelsesområdet. På oppdragsida har vi profesjonalisert aktiviteten gjennom eiga oppdragsining; HSF Oppdrag.

Internkontrollen ved HSF vert ivareteken gjennom utføringa av rutinar og kontrollhandlingar fastlagt i høgskulen sitt kvalitetssystem. Det vert laga prognoser med basis i risikovurderingar på område som studentrekruttering, studiepoengproduksjon og derav løyvingsnivå, og effekten av langsiktige omstillingstiltak. Det er ikkje innført eigen internkontrollfunksjon.

Risikostyringa ved høgskulen er ein dagleg del av arbeidet med å leie høgskulen, og risikovurderingar vert gjort fortløpande. Høgskulen har ikkje laga eige rammeverk for risikostyring utover det som ligg i kvalitetssystemet. Vi vil i 2009 fortsetje å vidareutvikle det risikostyringssystemet som ligg i kvalitetssystemet.

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap er vi i dialog med kommunar og fylkesmann om tiltak. I tillegg har høgskulen eigne retningslinjer for krisehandtering.

Verksemdsmål 4.1

Høgskulane skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som medverkar til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer institusjonen sine oppgåver og ansvarsområde.

I løpet av 2008 merka vi eit auka press på rekrutteringssituasjonen, spesielt innanfor it og økonomi.

Vi opplever lønspress ved nyrekruttering ved at personar med yrkeserfaring ofte har høgere lønnsnivå i dei jobbane dei kjem frå. Dette gjeld både i faglege og administrative stillingar.

I september handsama styret ei sak om kompetansenivå og kompetanseutvikling ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Styret ønskte at det skulle satsast på:

- å utvikle ei betre og meir strukturert ordning for dei som ønskjer å kvalifisere seg til førstelektor. Vi bør òg søkje samarbeid med andre høgskular på Vestlandet, og få til eit reelt førstelektorprogram.
- å prioritere dei store utdanningane (sjukepleie, sosialarbeidarutdanningane, idrett) når det gjeld kompetanseutvikling (stipendiatar, førstelektormidlar) dei nærmaste åra.
- å lyse ut fleire stillingar på professor- og/eller dosentnivå. Dette gjeld særleg i helsefag og sosialarbeidarutdanningane.

Det er stort fokus på kompetanseoppbygging i organisasjonen og stor interesse og ønskje om utvikling mot førstekompetanse. Det vart lyst ut to stipendiatstillingar i 2008, ei innanfor profesjonsforskning og ei opa stipendiatstilling. Det kom mange gode interne søkjarar til desse stillingane.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar og formidlingsstillingar	27,8	25,4	28,2	28,2	30

Vi nådde ikkje målet om å auke andel førstestillingar i 2008. Fire personar oppnådde førstekompetanse i 2008. Samstundes har vi tilsvarande avgang slik at nivået held seg stabilt i 2008.

Verksemdsmål 4.2

Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Høgskulen skal fremje likestilling i akademien.

Ved nyttilsettingar tel den faglege kompetansen tyngst, men vi ser at kvinnedelen i høgre akademiske stillingar aukar. Stadig fleire kvinner tek doktorgrad eller kvalifiserer seg til førstelektor.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Andel kvinner, totalt og etter stillingskategori	52,7	54	55	55,4	55
Førsteamanuensis	13,1	16	21	18,1	22
Førstelektor	19,1	18	21	25,6	22
Høgskulelektor	59	55	57	61,2	56

Vi har ei positiv utvikling når det gjeld kvinnedel i stillingskategoriane. Det har slutta nokre kvinner i førsteamanuensisstillingar i 2008 og gjer at denne prosentdelen går ned. Samstundes aukar prosentdelen kvinner i førstelektorstillingane. Kvinnedelen aukar også i høgskulelektorstillingane.

Styringsparameter 2

Minst 50 % av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.

12 av 27 personar som arbeider med doktorgrad (har avtale), dvs ein kvinnedel på 44 %.

Styringsparameter 3

Sjukefråveret har lege stabilt på 4-5% dei siste åra og var på 4,2% i 2008, ein nedgang på 0,6 % frå 2007. Vi arbeider kontinuerleg med å redusere sjukefråvær gjennom tett oppfølging av langtidssjukmeldte. Høgskulen er med i Inkluderande arbeidslivsordninga.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 4.1 og 4.2

Det vart arbeidd aktivt med rekrutteringsarbeid i 2008. Mellom anna er det oppretta eit rekrutteringsnettverk for offentlege arbeidsplassar i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Nettverket arbeider med å dyktiggjere seg i heile rekrutteringsprosessen. Det er arrangert kurs og seminar innan marknadsføring/annonsering og tilsettingsprosessen med intervjueteknikk og utveljing. Vi har også satsa på å forbetre annonsane, både tekstleg og visuelt. Det er og arbeid med rekrutteringsmesser som skal arrangerast i februar 2009.

Størsteparten av dei vi rekrutterer i ledige stillingar er utan førstekompetanse. I nokre fagmiljø er det også vanskeleg å rekruttere personar med lektorkompetanse. Avdelingane arbeider aktivt med kompetanseheving og svært mange er inne i kvalifiseringsløp enten mot lektorkompetanse eller mot førstekompetanse.

Vi har ikkje nådd målet om å auke kvinnedelen i førsteamanuensisstillingane. Det er små tal vi måler ut frå og når 1-2 personar sluttar, får det merkbare utslag i prosenttering. Kvinnedelen i

førstelektorstillingane har auka slik det også har gjort i lektorstillingane. Styret har i 2009 prioritert stipendiatstillingar innanfor helsefag, sosialfag og organisasjon og leing. Dette er fagområde som det tradisjonelt er fleire kvinner i og sjansen er stor for at fleire av desse vil vere kvinner. Dei faglege vurderingane vil likevel vege tyngst i desse sakene.

Vi har eit svært lågt sjukefråver ved institusjonen, og det er også redusert i høve til 2007.

Verksemdsmål 4.3

Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje ein så robust økonomi som vi skulle ønskje hadde. Utfordringa er å skape ei relativt stabil drift som ikkje er utsett for dei svingingane i studiepoengproduksjonen som vi kan oppleve frå eit år til eit anna. I 2007 hadde vi eit underskot i drifta på vel 5 mill kr og drifta i 2008 vart derfor lagt på eit nivå som også skulle dekke inn det forventa underskotet i 2007.

I økonomi- og ressursdisponeringa er årsverkrammer ein vesentleg styringsparameter. Dette har gitt oss relativt god kontroll på lønskostnaden og dermed den samla økonomien i høgskulen. Dette ser vi også er tilfelle i 2008 då vi både dekkjer inn eit underskot i 2007 samstundes som vi får eit overskot på drifta i 2008.

Tabellen under syner rekneskapsresultatet for 2008.

Bevilgningsfinansiert verksemd	Totalt
Løyving 2008 frå KD	231 025
Salg av utstyr og lignende	214
Andre inntekter	4 656
Internt sal av undervisning, overføring av løn frå prosjekt, interne løyvingar	9 153
Sum driftsinntekter	245 048
Lønnskostnader	141 488
Investeringar og påkostningar	5 621
Andre driftskostnader	40 539
Husleige og drift av bygg inkl elektrisitet	43 396
Sum driftskostnad	231 044
Driftsresultat	14 004
Netto Finanspostar	-35
Resultat før avsetnader og overføringar	13 970
Disponeringar/avsetningar:	
Endring i avsetningar frå 2007	-9 333
Dekningsbidrag frå ekstern fin. verksemd	3 084
Subsidiering til prosjekt	910
Resultat fra ordinær verksemd i 2008	6 811
Overført underskot frå 2007	5 903

Løyvinga frå departementet i 2008 var på 231,025 mill. Høgskulen mottok 4,656 mill kr i andre inntekter i form av kursinntekter, tilskot og gåver. I tillegg har vi overføringar frå oppdrags- og bidragsverksemd på 9,153 mill kr i 2008. Dette gir ei driftsinntekt på 245,048 mill kr i 2008.

Driftskostnadene var på 231,044 mill kr i 2008. Dette gir eit resultat (overskot) før avsetnader og overføringar på 13,97 mill kr. Avsetnadene er på 9,333 mill kr. Dekningsbidrag frå ekstern-finansiert aktivitet var på 3,084 mill kr. Subsidiert av prosjekt var på i alt 0,91 mill kr.

Dette gir eit overskot på 6,8 mill kr i 2008. Det er inklusive inndecking av underskot i 2007 på 5,9 mill kr. Dette betyr at det samla overskotet var på 12,7 mill kr i 2008.

Mindreforbruket har 3 hovudårsaker;

- Vi la i budsjett for 2008 opp til ei inndecking av meirforbruk i 2007 på 3,5 mill kr.
- Tilleggsloøyvingar frå Kunnskapsdepartementet hausten 2008 på til saman 3 mill kr. Desse løyvingane har vi sett av til 2009.
- Ein budsjetteringsfeil i 2008 har gjort at budsjetttrammene vart sett høgare enn styringsparametrane (årsverkrama) tilseier. Avdelingane har styrt etter årsverkrama og har derfor fått eit mindreforbruk i 2008.
- Deltidsutdanningane har gjeve eit høgare løyvingsnivå enn det som er normalt for høgskulen. For å sikre eit jamt driftsnivå og ha evne til å møte nedgang i studiepoengproduksjonen seinare år vert deler av meirløyvingar avsett til seinare år.

Tilskot og overføringar frå andre auka med 3,8 mill kr medan sals- og leieinntektene våre vart redusert med 2,1 mill kr i høve til 2007.

Resultat frå ekstern finansiert verksemd viser eit overskot på 0,175 mill kr mot eit overskot på 0,130 mill kr i 2007.

Styringsparameter 1

Ingen vesentlege merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2008
	2005	2006	2007	2008	
Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen	2	0	0	0	0
Resultat EFV	269	17	130	175	200

Høgskulen har ikkje hatt merknader frå Riksrevisjonen i 2006, 2007 og førebels i 2008.

Vi har i 2008 fortsett arbeidet med å endre økonomisystemet for å betre styringa med oppdrags- og bidragsverksemda. Dette har gjort at vi har fått svært god kontroll med prosjekta og eit godt verktøy i vår økonomistyring. Vi har innført SAP ESS reise- og timeregistrering. Systemet er ikkje tilpassa den fleksibiliteten vi må ha i arbeidsvilkår og arbeidstid for å gje god undervisning, forske og drive komeptanseheving. Dette kan ikkje løysast innanfor eit stramt arbeidstidsregime og vi er tvungne til å finne kreative løysingar for å tilpasse systemet.

Vi har også tatt i bruk rapporterings- og analyseverktøyet Excelerator både i rapporteringa og som hjelp til automatisering i rekneskapsføringa.. Samla sett har desse systema gjeve oss god kontroll og økonomistyring, i tillegg til ein effektiviseringsgevinst. Omlegginga av økonomisystemet og innføringa av nye system har også gjort oss i stand til å gje gode og

nøyaktige rapportar til prosjektleiarar, og sentralisering av økonomistyringa for eksterne prosjekt har gjeve gode resultat.

I 2008 har vi arbeida med å kartlegge og verdsetje anleggsmidlar ved høgskulen som skal inngå i åpningsbalansen i rekneskapen. Vi har teke i bruk Agresso anleggsmodul som verktøy for anleggsregistrering.

Vi arbeider kontinuerleg med å gå gjennom arealbehov og lokalløysingar med sikte på størst mogleg kostnadseffektivitet i arealbruken ved å halde god framdrift i planlegging og bygging av nytt sentralbygg.

Avsett andel av tilskot til bevilgningsfinansiert verksemd er i 2008 auka med 9,3 mill kr tilsvarande 50 % i forhold til 2007 nivået. Avsetnaden i 2007 vart redusert med 24 % i høve til 2006. Dette viser at avsetjingane vil variere frå år til år. Avsetningane utgjer 10 % av totale løyvingar og 22 % av totalkapitalen i 2008.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 4.3

Høgskulen i Sogn og Fjordane er ein veldriven organisasjon med god kompetanse på økonomistyring. Avsetnadene vart noko høgere enn vi planla. Våre utfordringar ligg i å greie å rekruttere tilstrekkeleg studentar for å ha ein sunn økonomisk situasjon. Vi skulle ønskt at studenttalet var noko høgere.

Vi må konkurrere for å få tak i kompetent personale, med risiko for at lønskostnadene stadig vil auke meir enn lønsveksten som er lagt til grunn frå sentralt hald. Den økonomiske situasjonen gjennom finanskrisa vil sannsynlegvis slå positivt ut for offentleg sektor generelt og høgskulane spesielt ved at vi kan få betre rekruttering både når det gjeld tilsette og studentar. Samstundes må vi arbeide for å behalde den kompetansen vi har i organisasjonen. Studiemiljøet og gode lokalitetar for studentane våre er også ein viktig faktor for å kunne rekruttere studentar.

Vi slit med lita administrativ bemanning innanfor økonomiområdet som går ut over utviklingsarbeid som skulle vore gjort.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har utvikla ein økonomimodell som gir ei tett kopling mellom avdelingane og institusjonsnivået. Budsjettmodellen gir forstålege rammer som er kommuniserbare i organisasjonen. Økonomistyringa føregår på avdelingsnivået og rapportering og disposisjonar føregår i eit tett samspel mellom avdelingane og fellesnivået.

Planar 2009

Sektormål 1

Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.1

Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Styringsparameter 1

Tal primærskjalar gjennom Samordna Opptak (per 15. april) skal vere minst 750 og tal primærskjalar per utlyst studieplass skal vera minst 1,1.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Primærskjalar gjennom Samordna Opptak	833	718	708	689	750
Primærskjalar per utlyst studieplass	1,19	1,10	1,04	1,03	1,10

Styringsparameter 2

Høgskulen har som mål å utvikla mastergrader i samarbeid med andre institusjonar på relevante område

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	1	1	2	2	3

Høgskulen har etablert to tilbod om mastergrad i samarbeid med Universitetet i Oslo. Dette gjeld spesialpedagogikk og tilpassa opplæring, der UiO står fagleg ansvarleg for begge. Høgskulen fekk i 2008 akkreditering for å tilby mastergrad i landskapsplanlegging som fellesgrad. Høgskulen har innleia drøftingar med Noregs idrettshøgskole om mastergrad innan idrett.

Styringsparameter 3

Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 700

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak	720	623	636	581	700

Styringsparameter 4

Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom SO	744	706	637	710	700

Styringsparameter 5

Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.09 skal vere minst 2525 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2020.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Eigenfinansierte studentar	2811	2625	2628	2472	2525
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar	2282	2126	2116	1992	2020

Styringsparameter 6

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2009 skal vere minst 450.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Mastergrad	-	13	2	14	15
Allmennlærer	83	80	56	54	50
Bachelor Førskulelærer	29	39	10	29	40
Bachelor Sjukepleie	70	101	138	77	100
Bachelor Sosialarbeidar	80	100	103	90	90
Bachelor Samfunnsvitskap	3	7	8	6	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	43	64	58	50	55
Bachelor Idrett, Friluftsliv	34	33	54	45	50
Bachelor Naturvitskap	29	15	14	7	10
Bachelor Ingeniør	16	15	5	9	10
Fri Bachelor				4	5
PPU	22	78	27	58	15
Høgskulekandidat 2-årig	13	8	0	1	0
Samla kandidattal	422	566	481	444	450

Styringsparameter 7

Tyngda av høgskulen sine utdanningstilbod skal vera på bachelornivå, og utdanningane skal ha eit yrkesrelevant fokus. Den faglege profilen skal vera i samsvar med gjeldande strategiplan.

Styringsparameter 10

Høgskulen sitt kvalitetssystem skal nyttast som grunnlag for arbeid med kvalitet i utdanningane, og til oppfølging av ulike evalueringar.

Styringsparameter 11

Høgskulen sine studieplanar skal utviklast vidare i samsvar med NOKUT sine krav og det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket

Risikovurdering 1.1

Risiko

Den største risikoen for at høgskulen ikkje skal nå dei fastsette måla er svakare rekruttering av nye studentar og fråfall i studieløpet.

Vurdering

Sett ut frå studentrekrutteringa siste åra, er målsetjingane for rekruttering av nye studentar relativt optimistiske. Dette gjeld spesielt rekrutteringa til grunnutdanningane, som framleis er høgskulen si største utfordring. For 2009 er det grunn til ein viss optimisme. Dette skuldast dels det studieprogrammet høgskulen tilbyr, som har fleire tilbod om variantar av allmennlærerutdanning i tillegg til opptak av deltidskull for sjukepleiar og førskulelærar. Høgskulen reknar også med at aukande arbeidsløyse og større kull 19-åringar kan gi ein viss auke i søkjartalet.

I forhold til rekruttering av studentar utanfor det samordna opptaket, er høgskulen først og fremst avhengig av framleis å lukkast i samarbeidet med skular, barnehagar og helse- og sosialsektoren om å tilby attraktive vidareutdanningar av god kvalitet.

Høgskulen er avhengig av å lukkast i forhold til ny allmennlærerutdanning, og tek sikte på framleis å tilby eit breitt utval av lærarutdanningar.

Tiltak

- Vidareutvikla eit attraktivt studieprogram
- Revisjon av strategiplan med sikte på eit mest mogeleg robust studieprogram med hovudvekt på yrkesretta bachelorprogram og masterprogram på utvalde fagområde.
- Konstruktivt arbeid med sikte på samarbeid og arbeidsdeling innafor rammene av UH-nett Vest.
- Samarbeide med offentlege og private verksemder om relevante vidareutdanningar
- Tilpasse studieplanane til nytt kvalifikasjonsrammeverk
- Sikre god kontakt og oppfølging med praksis i utdanningane
- Utvikle kvalitetssystemet i samsvar med nye retningslinjer frå NOKUT
- Bruke kvalitetssystemet i utvikling av høgskulen sine studietilbod
- Stimulere til deltaking i studentdemokratiet ved høgskulen
- Systematisk og profesjonelt rekrutteringsarbeid
- Halda fram med fokus på studiekvalitet og studenttilfredsheit.

Verksemdsmål 1.2

Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.

Styringsparameter 1

Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 44 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 55

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1793,5	1973,7	1838,1	1881,1	1850
Studiepoeng per eigenfinansiert student	38,3	45,1	42,0	45,7	44
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	47,2	55,7	52,1	56,6	55

Høgskulen har som målsetjing å halda studiepoengproduksjon på om lag same nivå som i 2008, korrigert for ein del tekniske utslag som følgje av omlegging av studieplanar og liknande. Målsetjinga tek utgangspunkt i at kvar registrert student i gjennomsnitt skal avleggja 44 studiepoeng på årsbasis, og omrekna 55 studiepoeng per heiltidsekvivalent. Dette er eit relativt høgt produksjonsnivå jamført med gjennomsnittet for sektoren. Måloppnåing er avhengig av at studenttalet vert halde oppe, og at studentane lukkast i utdanninga si.

Styringsparameter 2

HSF skal ha 16,5 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2009

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Studentar per fagleg årsverk	16,2	15,7	17,2	17,8	16,5

Styringsparameter 3

Høgskulen skal styrke forskingsbasert undervisning, og ha høg fagleg kvalitet i utdanningane.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal arbeide for å auke den pedagogisk kvaliteten i utdanningane.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal sikre god kvalitet i praksis gjennom samarbeidsavtalar med praksisinstitusjonane innan spesialist- og primærhelsetenesta.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal halde fram i arbeidet med å følgje opp NOKUT-evaluering av allmennlærerutdanninga på bakgrunn av vedtatt handlingsplan.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal følgje opp NOKUT- evaluering av ingeniørutdanninga

Styringsparameter 8

Høgskulen skal ha ei målsetjing om 70% gjennomstrøyming i sentrale bachelorprogram.

Styringsparameter 9

I den årlege kandidatundersøkinga skal minst 75% av dei ferdige kandidatane gi uttrykk for at dei er godt nøgde med studieopphaldet ved HSF.

Styringsparameter 10

Høgskulen skal arbeide for eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle studentar

Risikovurdering

Risiko

Reduksjon i studiepoengproduksjonen og svekka omdømme som utdanningsinstitusjon er den største risikoen innafor dette målområdet.

Vurdering

Høgskulen sin produksjon av studiepoeng og ferdige kandidatar er høg sett i forhold til studenttalet. Det er avgjerande for høgskulen å halda oppe dette høge nivået, og her er nøkkelfaktorane god kvalitet i utdanningar og læringsmiljø med tett oppfølging av studentane.

Studiepoengproduksjonen kan svekkast grunna færre studentar eller svakare studiegjennomføring blant studentane. Høgskulen er i ein utsett situasjon når det gjeld rekruttering til grunnutdanningane. Omlegging av rammene når det gjeld disponering av ressursar til vidareutdanningar kan gi utfordringar i høve det samla studenttal, og med det, studiepoengproduksjonen. Høgskulen har hatt eit solid omdømme med omsyn til studiemiljø, og relativt gode tilbakemeldingar på fagleg- og pedagogisk kvalitet i utdanningane. Å styrke omdømmet både fagleg og sosialt vert ei hovudutfordring framover.

Tiltak

- Fagleg og pedagogisk kompetanseheving skal halde fram.
- Høgskulen skal arbeide vidare med utvikling av gode lærings- og undervisningsformer og tett oppfølging av studentane.
- Høgskulen skal styrke mottak og førstesemester for nye studentar
- Læringsmiljøet ved høgskulen skal vektleggast.
- Samhandling med yrkesfeltet og samarbeid med relevante eksterne miljø skal styrkast.

Verksemdsmål 1.3

Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

Styringsparameter 1

Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal aukast til 90

Styringsparameter	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Utreisande studentar	40	35	34	32	35
Innreisande studentar	17	25	46	45	55
Total	57	60	80	77	90

Styringsparameter 2

Talet på framandspråklege emne skal aukast til 16

Styringsparameter	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Tal framand-språklege emne	2	5	11	14	16

Styringsparameter 3

Høgskulen skal sikre kvalitet i fellesgraden innafør landskapsplanlegging

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	1

Styringsparameter 4

Lærarmobiliteten skal aukast

Styringsparameter	Resultat		Resultatmål 2009
Innreisande	12	10	15
Utreisande	30	30	35

Styringsparameter 5

Informasjonsmateriale om studietilbod/emne på engelsk skal vere oppdatert i 2009.

Styringsparameter 6

Alle studieplanar på bachelor- og masterstudium skal vere tilgjengelege på engelsk på veven.

Styringsparameter 7

Internasjonalisering skal vere ein del av grunnlaget for studietilbod og forskingsaktivitet ved høgskulen.

Risiko

Den største risikoen er knytt til målet om auka mobilitet for studentar og tilsette. Den globale finanskrisa kan gje negative utslag på framtidig mobilitet. Ein annan risiko er å sikre tilstrekkelege faglege og administrative ressursar til arbeidet.

Vurdering

God marknadsføring og informasjon er viktig for rekruttering av internasjonale studentar. Høgskulen sine geografiske og faglege fortrinn bør synleggjerast i dette arbeidet. Systematisk arbeid med kvalitet i undervisninga og eit godt velferdstilbod vil og styrke høgskulen som attraktiv samarbeidspartnar i høve utanlandske institusjonar. I økonomiske nedgangstider kan høgskulen likevel risikere at færre internasjonale studentar vel å kome til Noreg.

Høgskulen har utvikla fleire nye studium/emne på engelsk som er sårbare om vi ikkje rekrutterer fleire internasjonale studentar. Tilsette som underviser på emne med få studentar mistar motivasjon til å halde fram i arbeidet. For å sikre større fleksibilitet bør fleire emne kunne undervisast på engelsk, også for norske studentar. I nokre fagmiljø er det behov for betre kompetanse i engelsk som undervisningsspråk.

Høgskulen sine økonomiske rammer er avgrensa, og det er utfordrande å prioritere tilstrekkeleg ressursar til arbeidet med internasjonalisering både på institusjonsnivå og på avdelingane. Høgskulen sin strategi er i størst mogleg grad å integrere arbeid med internasjonalisering i den daglege drifta. Slitasje på nøkkelpersonar i arbeidet kan utgjere ein risiko framover. Høgskulen vil i komande år setje av noko meir ressursar til internasjonalisering for å få til betre samsvar mellom målsetjingar og ressursar til arbeidet.

Tiltak

- Oppdatere og distribuere informasjonsmateriale om engelskspråklege tilbod til partnarar og andre interesserte
- Nytte lærarmobilitet for rekruttering av utanlandske studentar
- Motivere og informere studentar om delstudium i utlandet
- Motivere tilsette til å styrke kontakt med utanlandske partnarinstitusjonar
- Jobba aktivt med å knyte kontakt med utanlandske partnarinstitusjonar med sikte på gjensidig mobilitet
- Motivere tilsette til å utvikle nye emne som kan undervisast på engelsk
- Styrke ressursar til internasjonalisering og integrere arbeidsoppgåvene i vanleg drift
- Styrke velferdstilbodet for internasjonale studentar

Sektormål 2

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad

Verksemdsmål 2.1

Dei statlege høgskulane skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.

Styringsparameter 1

Publikasjonspoeng, NFR-midlar og EU-midlar per stilling i 2009 skal aukast frå 2008

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Publikasjonspoeng per stilling	0,25	0,23	0,16	0,12	0,18
NFR-tildeling per stilling	18.707	19.966	27.447	18.958	22.000
EU-tildeling per stilling	1.746	2.178	2.630	923	1.500
Utveksling av tilsette via programavtalar	30	35	64	40	50

Vi ønskjer i 2009 spesielt å auke omfanget av teljande vitenskapleg publisering. Vi er nøydde å snu ein negativ trend. Vi skal òg vurdere å setje i verk særskilte tiltak for å auke den vitenskaplege publiseringa.

Styringsparameter 2

Vi skal ha auka merksemd kring vitenskapleg publisering og skipe til eit kurs om skriving av artiklar for fagfelleverderte publiseringsskanalar.

Styringsparameter 3

HSF skal i 2009 få eit prosjekt innanfor NFR sitt ”Strategiske høgskuleprogram”.

Vi har sendt inn tre gode søknader til dette programmet. Minst éin av desse bør gi utteljing!

Styringsparameter 4

Med grunnlag i midtvegsrevisjonen av fou-strategien arbeide særskilt med å få til ei tenleg organisering av fou-gruppene ved Høgskulen.

Styringsparameter 5

Vi skal styrkje den internasjonale profilen på forskinga ved HSF, og skipe til seminar med internasjonalt forskingssamarbeid som tema.

Risikovurdering verksemdsmål 2.1

Vi ser det som svært sannsynleg at vi i 2009 maktar å auke den fagfelleverderte publiseringa vår. Det er risiko knytt til at arbeidet med å organisere forskingsgruppene kan ta mykje tid. Vi ser det som alvorleg for HSF om vi i 2009 ikkje klarar å få til ein auke i publikasjonspoenga. Helst bør vi opp mot 30-35 poeng.

Verksemdsmål 2.2

Høgskular med forskarutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet for øvrig. Høgskular som vert tildelte stipendiatstillingar, skal sørge for god gjennomføring av doktorgradsutdanninga.

Styringsparameter 1

Talet på avlagte doktorgrader dei neste åra skal vere 3-5

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitskapleg årsverk	0,010	0,011	0,023	0,018	0,025

Vi reknar med at det vert 4-5 uteksaminerte doktorgradskandidatar ved HSF i 2009.

Styringsparameter 2

Talet på opprykk til førstelektor skal dei neste åra vere 2-3 per år.

Styringsparameter 3

Vi skal i 2009 gjennomføre samlingar for alle doktorgradsstudentar og for dei som arbeider med førstelektoropptrykk.

Styringsparameter 4

Alle avdelingane ved Høgskulen skal sørge for systematisk individuell kompetanseoppbygging og karriereutvikling

Styringsparameter 5

Vurdere mogleg intern avdelingsvis mentorordning for doktorgradsstudentar og for dei som arbeider med opprykk til førstelektor

Styringsparameter 6

Forskningsgruppene som er under utvikling, skal få eit særskilt ansvar for å etablere faglege nettverk som òg ivaretek behova til stipendiatane

Risikovurdering verksemdsmål 2.2

Vi har mange tilsette som no er inne sitt fjerde eller femte år med doktorgradsarbeid. Fire avtalar om doktorgradsutdanning er eldre enn fem år. Vi legg forholde godt til rette for at alle skal kunne gjere seg ferdige. Nokre vil likevel ikkje makte å gjere seg ferdige med doktorgradsarbeidet sitt. Det vil vere uheldig for HSF og høgskulens faglege omdømme om mange av doktorgradsstudentane våre ikkje klarar å fullføre studiet.

Sektormål 3

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdsmål 3.1

Høgskulane skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå fou-verksemda.

Styringsparameter 1

Vi skal vurdere ei omlegging av HSF sin budsjettmodell slik at denne også skal belønne godt formidlingsarbeid

Styringsparameter 2

Vi skal halde fram ordninga med kronikkar i lokal- og regionalaviser med 1-2 kronikkar per månad.

Styringsparameter 3

Vi skal markere Forskingsdagane 2009 gjennom faglege og publikumsretta seminar, foredrag og andre arrangement.

Styringsparameter 4

Vi skal stimulere dei tilsette til å ta i bruk nye nettbaserte formidlingsformer (Web 2.0 og andre sosiale medium)

Styringsparameter 5

HSF sitt opne arkiv (HSF Brage) skal utviklast til å inkludere dei fleste forskingspublikasjonar ved HSF.

Risikovurdering verksemdsmål 3.1

Mange fagtilsette ved HSF er flinke formidlarar, som skriv godt og er dyktige foredragshaldarar. Den aukande merksemda kring fagfellelvurdert publisering kan medverke til å gjere det mindre attraktivt å drive god allmennretta formidling. For å redusere denne risikoen bør formidlingsarbeid gi utteljing i HSF sin budsjettmodell.

Verksemdsmål 3.2

Høgskulane skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Styringsparameter 1

Vi skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2009 på 2008-nivå

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Skattefunn					
Omfang av eksternt finansiert verksemd (EFV) (2007 og 2008: BOA)	6.900	10.095	15.099	16.434	16.500
Mottekne forretningsidear					
Nyoppretta selskap baserte på mot-tekne forretningsidear					
Eventuelle eigne resultatindikatorar					

(Dei andre indikatorane er ikkje aktuelle for oss)

Styringsparameter 2

Vi skal saman med regionale aktørar skipe til ein signalkonferanse for regionen i 2009

Styringsparameter 3

Vi skal initiere og realisere fleire regionale fou-samarbeidsprosjekt

Styringsparameter 4

I samband med evaluering av entreprenørskapsarbeidet i fylket i 2009 skal vi systematisere og dokumentere HSF sitt arbeid på dette feltet

Styringsparameter 5

Vi skal byggje ut kontakten med det regionale næringslivet gjennom samarbeid med Kunnskapsparken, Bedriftsnettverket og VRI-prosjektet

Styringsparameter 6

Vi vil utvikle det langsiktige samarbeidet med energiselskapa i fylket når det gjeld arbeidet med forskning og utdanning om fornybar energi

Risikovurdering verksemdsmål 3.2

Samspelet med regionale aktørar er viktig for HSF. Omgivnadene ventar at vi skal vere med i mange prosessar. Ein del av dette arbeidet er kompetanseslitande for oss. Det er tidkrevjande, og gir oss få store oppdrag. Aktiviteten og kontakten er for lite dokumentert frå vår side.

Sektormål 4

Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar.

Verksemdsmål 4.1

Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Andel førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar og formidlingsstillingar	27,8	25,4	28,2	28,2	30

Verksemdsmål 4.2

Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Høgskulen skal fremje likestilling i akademien.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Andel kvinner, totalt og etter stillingskategori	52,7	54	55	55,4	56
Førsteamanuensis	13,1	16	21	18,1	20
Førstelektor	19,1	18	21	25,6	27
Høgskulelektor	59	55	57	61,2	62

Styringsparameter 2

Minst 50% av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.

Styringsparameter 3

Oppretthalde eit lågt sjukefråver på 4,2%.

Risikovurdering

Risikoen på personalområdet er knytt til at vi greier å rekruttere dyktige fagfolk og har ein kompetanseutvikling som gjer at vi tilfredsstillir NOKUT sine krav til akkreditering.

Tiltak

- Profesjonelt rekrutteringsarbeid
- Avsetje midlar til førstelektorstipend
- Følgje opp personar i kompetanseløp ved mentorordningar/rettleiarar lokalt.
- Avsetje midlar til avslutning av doktorgradsløp
- Gode arbeidsmiljøtiltak for å skape gode arbeidsmiljø lokalt og for å skape god institusjonsskjensle.

Verksemdsmål 4.3

Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Styringsparameter 1

Ingen vesentlege merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2005	2006	2007	2008	
Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen	2	0	0	0	0
Resultat EFV	169	17	130	175	200

Høgskulen skal arbeide for å:

- ha god styring med avsettingane.
- etterleve regelverket for offentlege kjøp og heve kompetansen vår på dette området.
- integrere risiko og vesentlegheitsvurderingar i planarbeidet for å sikre at måla vert nådd (KD) og utvikle kompetanse på resultatmåling.
- vidareføre arbeidet med å utvikle betre interne styringsverktøy for oppfølging av ekstern finansiert verksemd.
- gjennomføre månadlege kontrollar i rekneskapen med sikte på å redusere feilprosent.
- kommunisere resultat av kontrollane månadleg til økonomipersonale for å auke læring.
- ha ei drift som sikrar optimale miljøtilhøve.
- auke leverandørar med miljøsertifisering og tall miljømerka produkt gjennom samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane felles innkjøpeteneste (SFFI).

Risikovurdering

Risiko innanfor økonomiområdet er først og fremst knytt til manglande utvikling av ein robust økonomi. Utvikling av studenttalet er den viktigaste variabelen når det gjeld høgskulen si økonomiske utvikling. Dersom studenttalet viser ein nedgåande trend utan at det vert gjennomført tilstrekkelege omstillingstiltak, vil høgskulen bli gradvis svekka.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har utvikla ein økonomimodell som gir ei tett kopling mellom avdelingane og institusjonsnivået. Budsjettmodellen gir forståelege rammer som er kommuniserbare i organisasjonen. Økonomistyringa føregår på avdelingsnivået og rapportering og disposisjonar føregår i eit tett samspel mellom avdelingane og fellesnivået. Dette har vist seg å vere effektivt på den måten at vi har god oversikt over driftsnivået til ei kvar tid.

Risiko 1: Sviktande studiepoengproduksjon.

Risiko 2: Sviktande omstilling og økonomisk underskot på avdelingane

Risiko 3: Manglande internkontroll

Risiko 4: Liten administrativ bemanning

Risiko 1: Sviktande studiepoengproduksjon.

Dersom studenttalet i høgskulen vert lågare enn 2000 studentar, vil vi ha ein for kostbar struktur i høgskulen.

Tiltak

- Utarbeide analysar og tiltak for å gjere organisasjonen omstillingsdyktig.

Risiko 2: Sviktande omstillingsevne og økonomisk underskot på avdelingane.

God økonomistyring.

Tiltak

- God arbeidsplanlegging som må ha fokus på at det ikkje vert nytta meir ressursar til undervisning enn ressursramma tilseier.
- Auke eksternfinansiert verksemd ved overtal.
- Auke omstillingsevna.

Risiko 3: Manglande internkontroll.

I dag er internkontrollen på dagleg drift nivå ivareteken gjennom rutinar og gjennomføring av kontrollhandlingar nedfelt i kvalitetssystemet til høgskulen. Styret har relativt god og nøyaktig styringsinformasjon og dei strategiske vala vi gjer er godt tufta. Vi har imidlertid ikkje gode nok rutinar og kontrollar av gjennomføringa av vedtak som vert gjort på styre- og leiarnivå. Kommunikasjons- og informasjonsrutinane våre er heller ikkje gode nok til at vi klarar å få ut strategisk informasjon i heile organisasjonen. Vi har ein risiko for at styre-, rektor- og dekanvedtak ikkje vert gjennomført i tråd med intensjonane.

Risiko: Moderat/høg.

Tiltak

- Betre informasjons- og kommunikasjonsrutinane i samband med at vedtak vert gjort. Sørgje for at vedtaka vert gjort kjent der det er nødvendig i organisasjonen.
- Sørgje for at alle vedtak vert skriftleg dokumentert og arkivert.
- Forankre ansvaret for kontroll og rapportering på rett plass i organisasjonen.
- Dokumentere kontrollhandlingar, sørgje for at rutinar og kontrollhandlingar er nedfelt i kvalitetssystemet vårt.
- Gjennomføre fast rapportering til styret og leiing, der ein gjer greie for gjennomføringa av vedtak og resultatet av vedtaket dersom mogeleg.

Risiko 4: Liten administrativ bemanning.

Vi har ein administrasjon som er spreidd på mange einingar. Innføring av elektroniske system fører til at fleire og fleire oppgåver vert sentraliserte. Samstundes har vi ikkje greidd å omstille organisasjonen i stor nok grad. Dette fører til at vi ikkje har greidd å bemanne sentrale arbeidsoperasjonar med tilstrekkeleg kapasitet. I alt for stor grad ser vi at viktige oppgåver kviler på ein person. Dette gjer oss svært sårbare.

Tiltak

- Kompetanseheving og opplæring slik at vi kan fordele viktige oppgåver på fleire personar.
- Innføre arbeidsrutinar som gjer at vi i større grad kan sjå organisasjonen samla.
- Utarbeide sårbarheitsanalysar ved å involvere heile administrasjonen ved høgskulen.